



Aven Hest og Sau
Tor Erik Aven og Hilde Bergum
Sævråsvegen 304
5957 MYKING

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/15520 - 21/12171

Saksbehandlar:
Øystein Hafnor Kolstad
oystein.hafnor.kolstad@alver.kommune.
no

Dato:
23.02.2021

Landbrukssak gbnr 43/2 Natås - Svar på søknad om bygging av landbruksveg

Administrativt vedtak: Saknr: 253/21

VEDTAK:

Med heimel i forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier gjev Alver kommune Tor Erik Aven løyve til bygging av omsøkt veg på gbnr 43/2 Natås.

- **Dersom det kjem fram kulturminner under arbeida må alt arbeid stogkast og Vestland fylkeskommune varslast**
- **Vegen skal byggast som ømsøkt. Vedtaket er gyldig til 28.02.2024**
- **Eventuelle andre løyver må vera til stades før bygging kan settast i gong**

Om ikkje arbeida er sett i gong innan frist for løyvet fell løyvet bort jf. forskrift 2015-05-28-550, paragraf 3-2.

Saka gjeld

Tor Erik Aven søkar om bygging av ny veg på ca 340 meter til garden og driftsbygningar. Ny veg er planlagd i vegklasse 2, landbruksvegforskrifta. Det vert tatt ut massar langs traseen for bruk i veggen.

VURDERING:

Formålet med denne forskrifta er å sikre at planlegging og bygging av landbruksvegar skjer på ein måte som skal gje landbruksfaglege heilheitsløsningar. Det skal samtidig leggast vekt på hensynet til miljøverdiar som naturmangfald, landskap, kulturminner og friluftsliv, hensynet til fare for flom, erosjon og lausmasseskred, samt andre interesser som blir berørt av vegframføringa.

Vegen skal i denne saka gje tilkomst til garden og driftsbygningar. Eksisterande veg går gjennom tunet til nabo og med auka trafikk til gbnr 43/2 er dagens løysing dårleg for begge partar. Berørte partar er informert om prosjektet. Nytte og formål med planlagd veg er såleis i tråd med forskrifta.

Prinsippa i §§ 8–1 2 i naturmangfaldslova er lagt til grunn ved vurdering av vedtaket. Det er særleg vektlagt berekraftig bruk og vern av naturmangfaldet der den samla belastninga for økosystemet vert vurdert både på staden og sett i ein større samanheng. Kommunen har mellom anna sjekka areala i Naturbase og Artsdatabanken utan at det er gjort nokon funn og kommunen vurderer at vegen ikkje vil skada naturmangfaldet i området.

Saka har vært på høyring hos Statsforvaltaren i Vestland, Vestland fylkeskommune og kulturavdelinga i Alver. Svar frå Fylkeskommune og Kulturavdelinga i Alver ligg ved då dei ikkje hadde merknadar i saka. Statsforvaltaren har ikkje svart på forespørselen.

Vestland Fylkeskommune har gitt løyve til ny avkjørsel med visse vilkår.

Privatrettslege tilhøve

Vegbygging som skjer på ein annan person sin eigedom skal også ha løyve i frå den som eige grunnen. At kommunen har gitt et løyve, går ikke framfor manglande privat rett. Ein eventuell manglande privat rett er noko som må løysast privat, og er dessverre ikkje noko kommunen kan hjelpa med.

Regelverk

Forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier
Naturmangfaldlova
Forvaltningslova
Kulturminnelova
Offentlegheitslova

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/15520

Med vennleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge

Øystein Hafnor Kolstad

Avdelingsleiar

rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Landbrukssak gbnr 43/2 Natås - bygging av landbruksveg - uttale kultur

AcosSvarInn.xml

Kulturminnefagleg fråsegn - Bygging av landbruksveg - gbnr 43/2 Natås - Alver kommune

AcosSvarInn.xml

Mottakarar:

Aven Hest og Sau

Sævråsvegen 304

5957

MYKING

Aven Hest og Sau

Sævråsvegen 304

5957

MYKING